



Innspel til budsjett og økonomiplan 2021-2024 for Ulstein kommune

Vernetjenesta registrerar at saka om ny/påbygg av Sundgotmarka barnehage er flytta til 2024. Vernetjenesta har forståing for den pressa situasjonen kommunen er i økonomisk og forstår at det ikkje er rom for midlar til eit slikt prosjekt no. Vi oppmodar kommunen til å halde fram med arbeidet om val av løysing for situasjonen til Sundgotmarka barnehage med tanke på val av tomt og utforming. Dette er ikkje store kostnader no, men viktig å få avklart til 2024.

Sundgotmarka barnehage har ikkje tilfredstillande forhold når det kjem til mellom anna ventilasjon, støy, kontorplass til pedagogar, toalett, vaskerom, personalrom og garderobe. Dette er viktige faktorar i arbeidsmiljøet for dei tilsette ved barnehagen og som det må kome ei løysing på.

Med helsing

Arne Sivertstøl
Hovudverneombod Ulstein kommune

Turid Thoresen Knutsen
Verneombod for Sundgotmarka barnehage